

Kari Mostad
Repr. Kvam MDG i heradsstyret og Formannskapet
91 62 40 56 epost: kari.bmostad@gmail.com

Spørsmål til kontrollutvalet i Kvam, Vedr. habilitet kring Kvamsøy som oppdrettlokalitet og tilknytning til Hardangerbadet

Innleiing

Kommuneplanen i Kvam har vore under arbeid i lang tid. Våren 2018, førebudde heradet 2.høyringsrunde og nye innspel til kommuneplanen avvist med henvising til at innspela måtte komme som høyringsinnspel. Likevel kom areal til akvakultur ved Kvamsøy inn i forslaget etter dette, noko det også vart reist kritikk for. Rådmannen har forklart til HF (20.4.18) at Lingalaks si deltaking i Hardangerbadet var den direkte grunnen til at areal til oppdrett ved Kvamsøy vart lagt inn i forslag til kommuneplan før siste høyringsrunde. Forslag om oppdretts-lokalitet her er kontroversielt av mange grunnar, mens folk flest sine merknadar har vore knytt til landskap og friluftsliv.

Kvamsøy viktig område for friluftsliv, naturmangfald, kulturminne, landskap m.m.

Kvamsøy ligg i eit område i Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger der det er markert at ein ikkje ynskjer oppdrett, m.a. med grunngjeving i vandringsruter til den sterkt truga villaksen og sjøaure. Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og Ytre Hardanger er eit viktig kunnskapsgrunnlag for forvaltning av kystsona for lokale og regionale mynde (ref. Hordaland Fylkeskommune, HFK) Planområdet omfattar sjøareal og strandsone i kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Fusa, Jondal, Kvam, Kvinnherad, Stord, Sveio, og Tysnes, samt sjøareal i Vindafjord kommune i Rogaland. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i regional kystsoneplanlegging (ref. HFK). Plana er påklaga av kommunane Tysnes, Austevoll, Kvinnherad, Sveio og Fitjar og ligg til handsaming i departementet. Juridisk er ikkje plana bindande, men dei faglege vurderingane er grundige.

Arealet ligg og inne med særskilte kvalitetar i andre kommunale plankart. Kring ¾ av arealet på Kvamsøy er kommunalt eigd område, innkjøpt med statleg støtte til friluftsliv i 1967 og med vilkår om at den skal nyttast til allmenne friluftslivsmål. Det er stor interesse for bruk av området og forslag om å ta inn areal ved Kvamsøy til akvakultur resulterte i 39 høyringsinnspel i andre høyringsrunde (ca 10% av alle høyringsinnspel). Samtlege negative til oppdrett. Rådmannen har ikkje svart ut desse i sitt saksframlegg til 3.høyringsrunde.

Utvalg for kultur, idrett og regional utvikling KIRU i Hordaland Fylkeskommune vedtok, samrøystes, motsegn mot plassering av akvakultur ved Kvamsøy av omsyn til kulturminne og landskap.

Fylkesmannen gav i 2.høyringsrunde motsegn til plassering av akvakulturanlegg ved Kvamsøy ut frå manglande utgreiing av naturmangfald, kulturminne, friluftsliv, fiskeriinteresser og landskap. Rapporten som Kvam herad har bestilt frå ABO plan og arkitektur for å svare ut motsegna frå Fylkesmannen meiner vi stor grad bekreftar verdiane ved området som beskrive i den regionale kystsoneplanen, medan konklusjonen er ei anna historie

Val av ABO plan og arkitektur til å svare ut motsegn

Rådmannen har i svar til MDG av 20.2 gitt svar om at: *Administrasjonen har rammeavtale med ABO plan og arkitektur AS. Det er dei me skal nytte som vår primærleverandør i avtaleperioden etter tildeling av rammeavtalar. Det er naturleg å nytte dei me har rammeavtale med i samband med mindre jobbar. Dersom det skulle vise seg at ABO plan og arkitektur AS ikkje hadde hatt kapasitet til å gjere jobben, måtte me nytta firma som ligg som nr. 2 osv. Dersom oppdraget hadde kosta meir enn 300 000,-, måtte me ha gjennomført dette som ei minikonkurranse.*

Kari Mostad
Repr. Kvam MDG i heradsstyret og Formannskapet
91 62 40 56 epost: kari.bmostad@gmail.com

Omtalte rammeavtale har vi førebels ikkje sett, men bedt om å få. I epost frå teknisk sjef (11.1 2019 til HF) er det opplyst at Kvam herad har rammeavtale om *byggjeleiar- prosjekttjenester* i Hardangerbadet med ABO-plan og arkitektur. Vi føreset her at Kvam herad har to rammeavtalar med ABO.

I korrespondanse på innsyn som drøfter val av løysing for å svare på Fylkesmannen si motsegn, kan vi sjå at Lingalaks også har tilrådd bruk av firmaet.

Jamfør debatten som var rundt Hardangerbadet eit lite år tidlegare finn vi det underleg at rådmannen ikkje her gjer nokre refleksjonar eller vurderingar om habilitet til dette firmaet, at det er kun firmaet sin kapasitet som avgrensar bruken. At same aktør som har prosjektleiinga av Hardangerbadet, der Lingalaks er innskytar og med konkrete planar i prosjektet, ikkje bør ha den faglege vurderinga av akvakultur ved Kvamsøy. Særskilt når konklusjonen om å opne for oppdrett ved Kvamsøy i alle tilfelle vil vere kontroversielt, jf dei 39 innspela til kommuneplanen.

ABO plan og arkitektur – er dei kompetente til å konkludere?

I sitt svar til MDG om val av ABO 20. februar skriv rådmannen: *Fusa-modellen for utgreiing av akvakultur vart utvikla av Fylkesmannen og Fylkeskommunen i samarbeid med Fusa kommune og ABO plan og arkitektur AS avdeling Stord. Modellen er utvikla med skjønnsmidlar frå offentlege instansar. Fylkesmannen uttrykte i det administrative møtet med administrasjonen etter jul at dei var fornøgd med at me innhenta ekstern konsulenthjelp til denne jobben via rammeavtalen me har med ABO plan og arkitektur AS. Fylkesmannen uttrykte også i møtet at dersom kommunen hadde trong for tilskot til dette, så kunne me søke om midlar via fylkesmannen*

Vi spør om Fylkesmannen kjente til ABO sin rammeavtale om prosjektleiing og tilknytning til Hardangerbadet når han anbefalte å bruke ABO plan og arkitektur til jobben.

ABO plan og arkitektur har i fylje nettsidene sine ei målsetning om å vere leiande på fagområda arkitektur og plan, ref nettsidene. Abo plan og arkitektur Stord er ei tilknytt avdeling som *“har utvikla kompetanse innen kyst og strandsoneplanlegging, konsekvensutgreiingar, GIS og reguleringsplanar for sjøområde.”*

Vi spør: Er plana skriva av denne avdelinga? Rapporten har ingen signatur frå forfattar(ar) som fortel dette. Korkje namn på forfattar eller tittel på fagfolk er nemnde. Me meiner dette høyrer naturleg med i ei slik saksutgreiing, slik at dei faglege vurderingane i det minste er knytt til konkrete sakshandsamarar med kompetanse innan feltet.

“Rapport Utgreiing - akvakultur i sjø, kommuneplan Kvam herad dato 28.2.2019”, beskriv dagens situasjon for akvakultur. Deretter tek den for seg tema naturmangfald, fiskeriinteresser, friluftsliv, landskap og kulturminne, sjølfersel/ankring/forsvaret, samfunn- samspel mellom sjø og land, har ei konsekvensutgreiing for alle tema og alle akvakulturlokalitetane i heradet samt ROS-analyse. Alt dette for kr 80 000, vi finn analysen urovekkjande billig. Kan eit firma gje ei grundig og sjølvstendig vurdering for 13 ulike lokalitetar for ein så liten sum?

Konklusjon i rapporten

Rapporten frå ABO og Regional kystsoneplan er einige i verdivurdering av tema naturmangfald, fiskeriinteresser, friluftsliv, landskap og kulturminne men skil lag i konklusjonen. ABO meiner:

*«Det er nokre enkeltareal som har større negative verknader for enkelte fagtema, men **kommunen** vurderer at samfunnsnytta av tiltaka er høgare enn dei negative verknadene og areala er difor tilrådd.»*

I konsekvensutgreiinga for Kvamsøy heiter det:

Kari Mostad
Repr. Kvam MDG i heradsstyret og Formannskapet
91 62 40 56 epost: kari.bmostad@gmail.com

“Kommunen tilrår arealet ut frå ein sumverknad der moglegheit for næringsutvikling, turisme/visningsanlegg og fjerning av eksisterande Steinstø er vektlagt.”

Vi reagerer på at konklusjonen i rapporten byggjer på kommunen sine meiningar. Er konklusjonen i rapporten ei bestilling? Er “kommunen” her rådmannen som tok inn akvakultur då Lingalaks melde seg på i Hardangerbadet, eller er det det knappast moglege 5 - 4 fleirtals vedtaket i formannskapet? Ordførar har i brev til Fylkeskommunen sitt KIRU-utval som handsama kommuneplanen i Kvam i oktober 2018 anbefalt å gå inn for Kvamsøy som lokalitet fordi “Heradsstyre ynskjer oppdrett ved Kvamsøy”. (dementert? ved påpeiking av feil, heradsstyret har enno ikkje gjort vedtak i saka)

Uansett er spørsmålet om Kvamsøy skal nyttast til akvakulturlokalitet vorte eit politisk spørsmål. Å kjøpe ein konklusjon av denne typen, med ferniss av ‘fagleg fasit’ som beslutningsgrunnlag, finn vi grenser opp til uredelighet.

Den omtalte ‘samfunnsnytta’ i rapporten er knytt direkte til Lingalaks sitt prosjekt i Hardangerbadet; turisme/visningsanlegg og fjerning av eksisterande Steinstø.

Problemstillingar ved visingsanlegg ved Kvamsøy

Kommuneplanen omfattar akvakultur og areal som skal nyttast til akvakultur. I lokaliteten ved Kvamsøy ynskjer Lingalaks eit visingsanlegg, det er snakk om å ta imot 20 000 besøkjande til anlegget. MDG har påpeika for ordførar problemstillingar kring korleis dette vil påverke lokalsamfunnet. Det føreligg planar om å ta desse ut til anlegget med ribb for 12 personar, gitt besøkstalet og fulle båtar, vil det medføre minst 1600 planlagde turar tur/retur på fjorden. Me meiner dette må vere ein del av vurderingane i rapporten. I rapporten er det berre tatt med støy frå sjølve anlegget. Rådmannen skriv i sitt svar på MDG “*Arealdelen av kommuneplanen som er til handsaming no, skal avklara arealbruken. Ribbåtttrafikk kjem ikkje under dette, men som konsesjonssaker, parallelt med problemstillinga rundt skilje mellom konsesjonar for akvakultursøknader og arealbruk. Dette er mellom anna omhandla i sak om innbyggjarinitiativ om areal til akvakultur.*

Me finn denne argumentasjonen urimeleg sjølv om den kanskje er juridisk korrekt. Når argumentasjonen for å opne for akvakultur nettopp ved Kvamsøy, er visningsanlegg, då må vurdering av kva visningsanlegget vil medføre for lokalsamfunnet vere med. Ein kan ikkje legge inn visningsanlegg i kommuneplanen, for så å ikkje gje konsesjon for visningsanlegg i neste omgang. I saka som vert referert til Ålvik-aksjonen var nettopp at innspel til akvakultur måtte handsamast som heilskap i kommuneplanen. For friluftslivet og ålmenta kring fjorden, vil denne trafikken og omfanget av den ha stor betydning. Dette er i det heile tatt ikkje utreda i planframlegget.

Generelt om Kvamsøy som oppdretts-lokalitet

Nasjonalt er dei politiske signala rimeleg samstemte om behovet for at ein i framtida må over på utsleppsfrie anlegg skal vi oppnå berekraftig produksjon og resirkulering av næringsstoff. Den største produsenten i Kvam, Lingalaks skal sjølv jobbe med ei løysing for å samle opp utslepp under anlegga. I dette perspektivet er Kvamsøy ein sær s dårleg eigna lokalitet; midtfjords med kraftige straumar vil ikkje Lingalaks sin metode for å samle slam under merden kunne fungere. Vi meiner at ein i realiteten legg til rette for framhald av ein snart forelda metode, som innanfor levetida til arealplanen i Kvam vil vere uaktuell.

Kari Mostad
Repr. Kvam MDG i heradsstyret og Formannskapet
91 62 40 56 epost: kari.bmostad@gmail.com

Hardangerbadet

Kommunestyret har vedtatt å legge ned tre skulebasseng for så å skipe eit nytt, felles moderne basseng til skulane. Dette skal skje i samarbeid med det private initiativet Hardangerbadet, som har utvikla prosjekt for næringsutvikling i tilknytning til badet. Eit av desse prosjekta er innspelet om visningsanlegg ved Kvamsøy som Lingalaks kom med.

Symjeopplæring for born og unge i Norheimsund/ Øystese /Ålvik er ei stor og viktig sak for Kvam. Tilgang til basseng er rekreasjon, trening m.m. og god folkehelse. I "fjordkommunen" Kvam kan god symjeopplæring og tryggleik i vatn utgjere ein skilnad på liv og død når det oppstår kritiske situasjonar. Når det store anlegget i Øystese står klart skal det ikkje vere hefta med dårleg omdøme eller spekulasjonar.

Vi har opplevd organiseringa av Hardangerbadet og Kvammabadet som uklart, men tok ikkje dette opp på eigarmøtet 25.april, då eg då ikkje var kjent med alle rollane ABO plan og arkitektur har i denne saka. I etterkant har eg på spørsmål til Hordaland Folkeblad om kva avisa bygger sine kommentarar på, fått vidare sendt epost frå teknisk sjef til HF i desember 2018 og januar 2019. Sidan e-posten var sendt til HF rekner eg dette som offisiell informasjon og kvalitetssikra, sjølv om me ikkje finn att e-posten på innsyn.

*Kvam herad har **rammeavtale om byggeleiar- prosjektleiartenester med abo**, der Bjarte [Rasmussen] er den som hovudsakleg skal utføra desse oppdraga. Fordelingsnøkkelen følgjer arealfordelinga i bygget, men eg var ikkje med på desse samtalan med Hardangerbadet, og veit derfor ikkje i detalj kva som er nedteikna. Dersom det er ynskjeleg kan me senda rammeavtalen som kommunen har med abo. Eg ber om ei tilbakemelding dersom det er denne avtalen de etterspør. [(er spurt om, ikkje ettersendt)]*

Når det gjeld spørsmål om Bjarte [Rasmussen] sin habilitet, så er dette i utgangspunktet noko styret i KFet må ta stilling til. På generelt grunnlag kan det likevel påpeikast at forvaltingslova sin definisjon av vedtak - og som er avgjerande for om lova sine habilitetsreglar kjem til anvending - føreset at avgjerda skjer under utføring av offentleg mynde. Motsatt skulle kommunen/KFet sine avgjerder som følgje av eigarrolla ikkje verta regulert av forvaltingslova.

Dette hindrar likevel ikkje at det kan kome spørsmål knytt til interessekonfliktar i slike tilfelle, men dette har eg forstått har vore vurdert før det vart avgjort å nytta felles prosjektleiar, og er noko som styret framleis gjev inntrykk av å vera merksam på. Eg vurderer heller ikkje spørsmålet om å opna for lengre sklie til å utgjera noko stor interessekonflikt all den tid dei private skal ta alle kostnadene med dette. Dette er eit samarbeidsprosjekt der alle partar vil ha interesse av så attraktive tilbod som mogleg innanfor gjeldande rammer.

Med vennleg helsing

Lars Ese Ur [teknisk sjef]

Som nemnd har vi enno ikkje sett rammeavtalene Kvam herad har med ABO plan og arkitektur. Me bestrider teknisk sjef si vurdering om at KF-et ikkje er underlagt offentleglova. Kvammabadet KF er ein del av kommunen si drift, kravet til habilitet og offentleglova må også gjelde KF, og det kan ikkje vere opp til styret å vurdere dette.

Vi finn det også oppsiktsvekkjande at Hardangerbadet AS og Kvammabadet KF har same prosjektleiar. I høve teknisk sjef si uttale om at habilitet og interessekonfliktar har "vore vurdert før det vart avgjort å nytta felles prosjektleiar, og [interessekonfliktar] er noko som styret framleis gjev inntrykk av å vera merksam på" ynskjer vi at kontrollutvalet gjer ei gjennomgang av desse vurderingane og kva dei inneheld.

Hardangerbadet si rolle

Som nemnd er organisering av Hardangerbadet eit punkt som skapar uro grunna samanblanding av roller og spørsmål om inhabilitet. Prosjektleiar i Hardangerbadet er tilsett som dagleg leiar i Kvammabadet KF gjennom ABO plan og arkitektur. Teknisk sjef skriv:

Kari Mostad
Repr. Kvam MDG i heradsstyret og Formannskapet
91 62 40 56 epost: kari.bmostad@gmail.com

«Dette [byggjeleiar – prosjektenester i Hardangerbadet] er ei teneste som er delt mellom Hardangerbadet og det kommunale føretaket i ein flytande brøk». I epost 11.januar 2019 «*Eg har undersøkt, og forstått det slik at det vart laga eit utkast til avtale direkte mellom kommunen og abo, men at det til slutt vart Hardangerbadet som formelt engasjerte abo. Vidare har eg forstått at det vart semje om å dela kostnadane til prosjektleiar/byggjeleiar etter same brøk som resten av byggjekostnadane.*»

Prosjektleiar for Hardangerbadet, byggeleiar og dagleg leiar for Kvammabadet er tilsett gjennom ABO, partner i firmaet (ref heimesidene deira) og sit i ABO sitt styre (ref. proff.no). Firmaet som altså konkluderer, mot alle raude lys, til gunst for Hardangerbadet og Lingalaks sine prosjekt, sit også med ansvar for prosjektleiing av Hardangerbadet.

Me finn denne rollesamanblandinga svært uheldig og undrar oss på at det ikkje er berørt.

Hardangerbadet er eit gigantisk prosjekt for Øystese sentrum som har vore gjenstand for mange debattar og vart vedtatt med ei rekkje vilkår frå heradsstyret, desember 2017. Det har vore kontroversielt med akvakultur ved Kvamsøy frå fyrste dag forslaget vart spelt inn, denne koplinga til Hardangerbadet kan ikkje rådmannen velge å oversjå.

Sum-effekten i handteringa av saka er ikkje egna til å skape tillit og har no nådd eit nivå som gjer at vi ber Kontrollutvalet vurdere saka i sin heilskap for å sikre tillit og legitimitet i det vidare arbeidet med kommuneplanen og utvikling av Hardangerbadet.

Me ynskjer at kontrollutvalet vurderer fyljande:

1. Kan rådmannen klandrast for handteringa av innlemming av Kvamsøy som akvakulturlokalitet då Lingalaks gjekk inn i Hardangerbadet?
2. Gjer rådmannen si handtering av saka rådmannen inhabil til vidare arbeid med areal til oppdrett ved Kvamsøy?
3. Hardangerbadet har tilsett 100% prosjektleiar gjennom firmaet ABO plan og arkitektur. Lingalaks har engasjert seg i Hardangerbadet, gått inn med pengar og planlegg visingsanlegg knytt til bygget. Er firmaet ABO-plan og arkitektur då habile til å gjere ei fagleg tilråding om å opne Kvamsøy for akvakultur?
4. Har rapporten truverde som beslutningsgrunnlag?
5. Alle heradssyrerepresentantane med interesser i Hardangerbadet vart kjend inhabile då Hardangerbadet skulle vedtakast, grunna saka si storleik. Oppdrett ved Kvamsøy skapar stort engasjement og førte til omlag 10% av alle innspel i 2.høyringsrunde. Vil dei same representantane vere habile til å vedta å leggje ut areal til oppdrett ved Kvamsøy i kommuneplanen?
6. Er Kvammabadet KF fritatt frå offentleglova slik teknisk sjef hevder i sitt svar til HF?
7. Er måten Hardangerbadet og Kvammabadet KF er organisert på innafor det etiske regelverket kva gjeld habilitet?
8. Er vilkåra som heradsstyret vedtok 12.12.2017, sak HST- 080/17, då bygging av Hardangerbadet vart vedtatt, oppfylde?

Helsing

Kari Mostad
Miljøpartiet Dei Grøne, Kvam

Medlem; Kvam heradsstyret og formannskap

Kari Mostad

Repr. Kvam MDG i heradsstyret og Formannskapet

91 62 40 56 epost: kari.bmostad@gmail.com